


Dato: 24.02.2020
Vår ref.: Patrick Langeland

Kunngjering av planoppstart for detaljreguleringsplan med konsekvensutgreiing for Hafstad bydel gbnr. 61/485 i Førde, Sunnfjord kommune

I medhald av plan- og bygningslova § 12-8 vert det varsla om oppstart av detaljreguleringsplan for «Hafstad bydel gbnr. 61/485» i Sunnfjord kommune. Planområdet er på om lag 2 daa, og formålet med planen er å regulere gjeldene planområde til bustad- og forsamlingslokale.




Dagens situasjon.

Planområde består i dag i hovudsak av jordbruksareal, i eit relativ flatt og planert terreng, som i gjeldene kommuneplan er avsett til offentlig eller privat tenesteyting og i reguleringsplan for Hafstad bydel regulert til forsamlingslokale – Trussamfunn.

Bakgrunn

Det aktuelle planområde kan sjåast i samanheng med Hafstad Bydel, eit større framtidig utbyggingsområde i Førde sentrum. Gjeldande reguleringsplan som inkluderer aktuelt planområde og tilstøytane reguleringsplanar er lista opp under:


- Hafstad Bydel, vedteken 26.03.2009 (gjeldande)
- Hafstad del av gbnr. 61/8, 03.07.2019 (tilstøytane)




Gjeldande reguleringsplanar. Hafstad Bydel (venstre) og Hafstad del av gbnr. 61/8 (høgre)

Planområdet ligg også i og i nærleiken til følgjande varsla tiltak i Førdepakken:

- Tiltak 1 – Angedalsvegen – Hafstadvegen (tilstøytane)
- Tiltak 3 og 4 E39 Hafstad, gang- og sykkelveg og to kryss (tilstøytane)
- Tiltak 14 – E39 Fjellvegen (innanfor aktuelt planområde)



Førdepakken. Varsla planområde for tiltak 1 (t.v.) og tiltak 3 og 4 (t.h.) (raud stipla linje)




Førdepakken. Varsla planområde for tiltak 14. (raud stipla linje)

Detaljreguleringsplanen vil bli utarbeidd i samarbeid med oppdragsgjevar Kjeilen Hus AS. Det har vore gjennomført eit oppstartsmøte med Sunnfjord kommune den 28.januar 2020 i samband med planarbeidet.

Planavgrensing

Planområdet omfattar gbnr. 61/485 og delar av gbnr. 61/470 i samsvar med aktuell tilkomstveg. Under synar aktuell planavgrensing:



Varsla planavgrensing er vist med svart stipla linje.

Planområdet i nord og aust er avgrensa av eigendomsgrrensa til gbnr.61/485, medan avgrensinga i vest er definert med utgangspunkt i tilkomstvegen i nord-vest og i sør definert av gang- og sykkelvegen til tiltak 9 i Førdepakken.

Viktige tema i planen

Viktig tema for planarbeidet er elveflaum, overflatevatn/klimaendringar/nedbørutsett, landskap og -tilpassing, trafikktryggleik, trafikkstøy, naturmangfald, samfunn og landbruk.

Krav om planprogram og konsekvensutgreiing

Aktuell plan fell inn under nr.25 i vedlegg I, *Nye bustad- og fritidsbustadområde som ikkje er i samsvar med overordna plan*. Gjeldene detaljreguleringsplan etter plan- og bygningslova skal dermed ha planprogram og konsekvensutgreiing, der formålet er å sikre at omsynet til miljø og samfunn blir tatt i betraktning under utarbeiding av planen og når det blir tatt stilling til om og på kva vilkår planen skal gjennomførast.

Oppstart

Kjeilen Hus AS er tiltakshavar og Nordplan AS er planrådgjevar. Oppstart vert annonsert i avisa Firda, og informasjon vert også å finne på www.sunnfjord.kommune.no og www.nordplan.no/kunngjeringar. Naboar og grunneigarar vert med dette varsele direkte.

Vidare saksgang og medverknad

Det er høve til å komme med innspel/merknader til varsel om planoppstart. Alle innkomne merknader vil bli vurdert i det vidare planarbeidet. Når det er utarbeidd forslag til detaljreguleringsplan med plankart og føresegner, vil reguleringsplanen bli lagt ut til offentleg ettersyn. Det vil då igjen vere høve til å komme med innspel og merknader til det konkrete planforslaget.

Frist for innsending av merknader:

Eventuelle innspel til planarbeidet kan sendast på e-post til pl@nordplan.no eller til postadresse

Nordplan AS v/ Patrick Langeland
Pb. 685 , 6804 Førde

Frist for innspel: **6. april 2020**

Spørsmål kan rettast til undertteikna på telefon 91 70 69 43 eller e-post.

Med helsing
for Nordplan AS



Patrick Langeland

By- og arealplanleggar
Master i Teknologi/Siv.ing